Ullensvang kommune

Helse- og omsorg

Helsedirektoratet
Postboks 220 Skøyen
0213 OSLO

Dykkar ref.	Vår ref.	Arkiv:	Dato
	25/5336-31 /DANBRU/26/7701	FE-000, TI-&13	27.02.2026

KOL Høyring – Tidlig medisinsk hjemmeabort i de kommunale helse- og omsorgstjenestene
Høringsfråsegn

Ullensvang kommune viser til høringsbrev frå Helsedirektoratet datert 16.02.2026 vedkomande utgreiing av tidleg medisinsk abort i kommunane.

Støtte til tilrådinga frå Helsedirektoratet

Ullensvang kommune støttar Helsedirektoratet si tilråding om ikkje å leggje til rette for eit slikt tilbod i kommunane no. Vi deler vurderinga om at aborttenesta i dag fungerer godt i spesialisthelsetenesta, der personell med rett kompetanse, tilgang på ultralyd og nødvendig vaktberedskap allereie er etablert.

Kommunen sine vurderingar

For Ullensvang kommune er følgjande punkt i utgreiinga særleg relevante:

- Ressursbruk og personell: Vi støttar bekymringa knytt til det aukande behovet for helsepersonell i kommunane. Å bruke fastlegar til oppgåver som i dag vert utførte av sjukepleiarar på sjukehus, vert sett på som ei uhensiktsmessig vriding av ressursar.
- Faglege føresetnader: Krav til kvalifisert personell, innkjøp av ultralydutstyr og etablering av rapporteringsløysingar til Abortregisteret vil krevje betydelege investeringar i utstyr og opplæring i den enkelte kommune.
- Alternative tiltak: Vi ser positivt på forslaget om å vurdere bruk av telemedisin og styrking av tilbodet ved distriktsmedisinske senter som alternativ til eit reint kommunalt ansvar.

Konklusjon

Ullensvang kommune meiner at kommunen si rolle i abortomsorga framleis bør vere knytt til førebygging, prevensjonsrettleiing og psykisk helseoppfølging. Vi støttar difor at spesialisthelsetenesta framleis skal ha sørge-for-ansvaret for å sikre eit forsvarleg og heilskapleg pasientforløp.

Ring oss
Telefon: 53 65 40 00

Org.nr 920 500 633

Kontakt oss
Opheimsgata 31
5750 Odda
postmottak@ullensvang.kommune.no

Besøk oss i
Ullensvang rådhus
Opheimsgata 31, 5750 Odda
www.ullensvang.kommune.no

Helsing

Daniela Brühl
kommuneoverlege

Dokumentet er godkjend elektronisk og har difor ikkje signatur.